



FAGFORBUNDET

Årsmelding 2025

for

Fagforbundet 747 Helse Førde

Behandla av årsmøtet den 27. januar 2026

Innleiing	2
Styret har i perioden hatt følgande samansetning:	2
Representantar til fylkesstyret representantskap/fylkesmøte	3
Representantar til LO lokalt	4
Valkomit�	4
Revisorar	4
Kontorforhold	4
Fagforeininga sine organisasjonsomr�de - medlemmer og tillitsvalde fordelt p� tariffomr�der	5
Fagforeininga sin klubborganisering i Helse F�rde	5
Koordineringsledd	6
Medlemsutvikling:	6
M�teverksemd	7
Utvala sine verksemd	8
Pensjonistutval	8
Yrkesseksjon helse og sosial	9
Yrkesseksjon kontor og administrasjon	9
Yrkesseksjon samferdsel og teknisk	9
Fagforeininga sine aktivitetar og utfordringar p� kort og lang sikt	10
Organisasjonsbygging og tariffmakt	10
Andre lokale utfordringar	12
Representasjon	12
Fylkeskretsen	12
Andre utval	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Kurs og konferansar	13
Fagforeininga si bruk av organisatorisk frikj�p/ «spleiselag»	Feil! Bokmerke er ikke definert.

Innleiing

Fagforeininga si  rsmelding er fagforeiningsstyret si rapportering til medlemmene p  i kva grad styret har lukkast med   gjennomf re handlingsplanen som  rsm tet 2025 vedtok for perioden.

I 2025 har vi hatt god aktivitet med blant anna arbeidsplassbes k og stand ved NSH og LSH og FSS og alle yrkesaktive medlemmer/pensjonistar har f tt ei sommarg ve.

V re medlemmer har hatt f rste prioritet for oss, og f tt bistand n r behovet har vore der.

Styret har i perioden hatt f lgande samansetning:

Fagforeiningsstyret	Namn
Leiar	Tove Nødset
Nestleiar	Sivert Andreas Gartland Rømo
Opplærings- ansvarleg	Andrè Vindedal
Kasserar + Fane 2	Per Nikolai Solheim
Styremedlem/sekretær	Randi Aven
Leiar yrkesseksjon helse og sosial	Nancy Fossheim Lykkebø
Vararepresentant yrkesseksjon helse og sosial	Björg Eli Nese
Leiar yrkesseksjon samferdsel og teknisk	Sakiba Arnautovic
Vararepresentant yrkesseksjon samferdsel og teknisk	Rosa Avendano
Leiar yrkesseksjon kontor og administrasjon	Dan Robin Systad Fludal
Vararepresentant kontor og administrasjon	Lene Mathea Hetle
Ungdomstillitsvald	Andreas Hamre
Vara ungdomstillitsvald	
Pensjoniststillitsvald	Torun Husdal
Vara	Bodhild Nyhammer Bakke
Styremedlem	Wenche Mæland
Styremedlem	Mathias Hatlestad
1.Vara Styremedlem	Sølvi Anne Birkeland
2.Vara Styremedlem	Anne Kristin Husabø Frøyen

Styremedlem som deltek i møte på fritid, får eit honorar på kr. 500,-

Fagforeininga sine hovudtillitsvalde med frikjøp i 2025:

Verv	Namn	Frikjøpsprosent	Tariffavtale
Føretakstillitsvald	Randi Aven	100 %	Spekter Helse
Vara Føretakstillitsvald	Sivert Andreas G. Rømo	20 %	Spekter Helse

Representantar til fylkesstyret representantskap/fylkesmøte

Fagforbundet Helse Førde har hatt følgande representantar:

1. Tove Nødset
2. Sivert Rømo

3. Randi Aven

Vara:

1. Wenche Mæland
2. Andre Vindedal
3. Per Solheim
4. Dan Robin Fludal

Representantar til LO lokalt

- Sølvi Anne Birkeland LO Sunnfjord
- Arild Ullebø, LO Ytre Sogn

Valkomit 

Valkomit  i samsvar med vedtektene har best tt av:

Leiar	Wenche Hosteland M�land	
Nestleiar	Wenche Eikevik	
Medlemmer	Det har ikkje lukkast i � f� tak medlem til valkomit�en	

Revisorar

Til   revidere fagforeininga sin rekneskap, har det vore f lgande revisor og vara:

- 1: Laila Hovlandsdal
- 2: Petter Ratvik

Vara:

Kontorforhold

FTV og vara FTV har egne kontor ved F rde Sentralsjukehus. Dette er etter avtale med Helse F rde.

Fagforbundet Helse F rde disponerer i tillegg eit lite lager ved F rde Sentralsjukehus.

 konomi

Bankinnskot 31.12.2024	Bankinnskot 31.12.2025	Eigenkapital 31.12.2024	Eigenkapital 31.12.2025
747 759,57	1 014 839,32	794 645,89	1 009 304,82

Budsjett og rekneskap kj m som eiga sak i  rsm tet.

Fagforeininga sine organisasjonsområde - medlemmer og tillitsvalde fordelt på tariffområder

Fagforeininga har per 31.12.2025 medlemmar innanfor følgande tariffområder:

Tariffområde	Tal medlemmer
Spekter Helse. Aktive medlemmar inkl. lærlingar	516
Spekter øvrige (Pasientreiser HF)	2
Total medlemmar med pensjonist og uføre	924

Fagforeininga sin klubborganisering i Helse Førde

(jfr. vedtektenes § 11.7).

Arbeidsgjevar	Område	Namn på klubbleder (tillitsvald etter hovudavtalen)
Helse Førde	Stabsområdet Drift og Eigedom	Randi Aven
Helse Førde/ Psykisk Helsevern	BUP Serviceseksjonen	Randi Aven
PHV	Akuttposten, DPS Allmenn, DPS Psykose, Sikkerheit, UPH	Björg Eli Nese Are Hundvebakke
PHV	ISP	Tove Nødset
PHV	NPS BUP	Ådne Bergset, permisjon frå juli (Randi Aven)
Medisinsk Klinikk	Medisin 1 og 2 + poliklinikk. Kreft sengepost + poliklinikk	Anna Kamilla Øren, permisjon frå mars (Randi Aven)
Kirurgisk klinikk	Ort. sengepost + poliklinikk Føde/gyn sengepost + poliklinikk	Wenche H. Mæland
Kirurgisk klinikk	Kirurgisk sengepost	Ann Kristin Husabø Frøyen
Kirurgisk klinikk	Ambulanse AMK	André Vindedal
Kirurgisk klinikk/medisinsk klinikk	AIO Kirurgisk og medisinsk serviceseksjon Laboratoria	Sivert Rømo
Lærdal SH	Lærdal Sjukehus	Mariann Hatlenes
Nordfjord SH	Medisinsk avdeling	Ann-Kristin Simonsen
Nordfjord SH	Kjøkken, husøkonom, teknisk, forsyning	Anne Britt Sjøstad

Koordineringsledd

FTV Randi Aven og vara FTV Sivert Rømo er medlem i koordineringsleddet i Helse Vest.
Leiar Tove Nødset er styremedlem/leiar i koordineringsledd HF Pasientreiser

Medlemsutvikling:

Fagforeininga sitt vervemål:		Fagforeininga sitt vervemål for yrkesaktive:			
Vervemål totalt:	Måloppnåing:	Vervemål yrkesaktiv:	Måloppnåing:		
55	98		68		
Medlemstal totalt:		Yrkesaktive totalt:			
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25		
879	919	492	518		
Tal yrkesaktive medlemmer under 30 år:		Tal pensjonistmedlemmer			
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25		
75	107	306	314		
Studentar:		Lærlingar:		Elevar:	
01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25	01.01.25	31.12.25
24	41	24	26	0	0
Tal yrkesaktive medlemmer Spekter					
01.01.25	31.12.25				
492	518				

Fagforeininga har jobba slik for å sikre vervemålet:

- Vi har vore synlege, lokale tillitsvalde er vår næraste kontakt ut mot medlemmer og andre tilsette.
- Vi har hatt stand på alle tre sjukehusa, på Høgskulen i Førde og deltok på felles stand under NM i yrkesfag i Førde
- Vi har vore på arbeidsplassbesøk, lagt ut diverse brosjyrer
- Vi har hengt opp plakatar med bilete og kontaktinformasjon med oversikt over kven som er tillitsvald på alle områder.
- For å ivareta medlemmer deler vi ut sommargåver til alle yrkesaktive medlemmer/pensjonistar. I år fekk alle matboks, kortholdar, lypsyl og litt karameller
- Markert yrkesdagar med stæsj og plakatar på arbeidsplassane, og nokre dagar med helsing på e-post og på FB
- Vi har delt ut julehelsingar med litt ekstra stasj på alle arbeidsplassar i desember
- Vi sender ut tilbod om faglege kurs og seminar og inviterer til medlemsmøte

- Føretakstillitsvald sender kvar månad ut liste til tillitsvalde med namn på alle nyttilsette i Helse Førde, slik at lokale tillitsvalde kan ta kontakt med dei enten personleg eller via e-post
- Fane 2 ansvarleg har ansvar for å kontakte medlemmer som vil melde seg ut, og klarer slik å «snu» nokre
- Fagforbundet v/FTV har fått presentert oss til helsefagarbeidarlærlingane som startar kvar haust under deira «onboarding». Der vert det også delt ut brosjyre og stasj

Møteverksemd

Årsmøtet var 31. Januar. I 2025 hadde vi eit hybridmøte, med oppmøte i Førde, Nordfjordeid, Sogndal og Lærdal med digital samkopling. Dette for at medlemmer skal sleppe å reise så langt. Årsmøtet behandla følgande saker:

- Opning
- Konstituering
- Årsmelding
- Handlingsplan
- Rekneskap
- Revisjonsmelding
- Innkomne saker.
- Budsjett
- Val etter vedtektene

Det er har vore 6 styremøte

- Styret har behandla 59 ulike styresaker.

Det har vore medlemsmøte/klubbmøte

- Medlemsmøte på ortopedisk poliklinikk
- Det har ikkje lukkast å arrangere fleire medlemsmøte i 2025

Kva saker har vore tidkrevjande

I styret har vi jobba med tariff 2026. Dette var tema på felles styre og tillitsvaldsamling i august. Det var også sendt ut til alle medlemmer på e-post for innspel.

Arbeidsgjevar, Helse Førde har i 2025 hatt store underskot, og det er gjennomført fleire store innsparingstiltak. På hausten 2025 vart det føreslått drastiske tiltak som å samle all ortopedisk verksemd i Førde, legge ned God start einingane på NSH og LSH og legge ned ambulansestasjonen i Lavik. Dette er tiltak som har påverka våre medlemmer i stor grad, og tillitsvalde er involvert i prosessane. Endeleg vedtak i desse saken vert på styremøte i slutten av januar 2026.

Omstillingar i 2025:

Lærdal sjukehus:

Ortopedisk sengepost i Lærdal vart bestemt omgjort til 5-døgnspost frå februar. Det betydde at våre medlemmar fekk delte stillingar mellom ortopedisk sengepost og medisinsk sengepost.

Indre Sogn psykiatrisenter:

Sommarstengt i 3 veker.

Psykiatrisk serviceseksjon:

Organisatorisk endring, der sekretærstillingar vart overført frå serviceseksjonen til BUP.

Sosiale aktivitetar

Alle tillitsvalde var invitert med på felles styre- og tillitsvaldsamling i januar og august. Sidan vi er så spreidde i heile Helse Førde sitt område er dette ein viktig arena der vi kan bli godt kjende, slik at vi kan samarbeide godt i kvardagen.

Jubilantane våre vart i 2025 invitert til middag 27.aug på Scandic Sunnfjord Hotell og Spa, der det skulle delast ut merke, diplom og blomster. Dette måtte vi avlyse då det var lite påmelding. Merker, diplom og eit gåvekort vart sendt i posten.

Utvala sine verksemd

Pensjonistutval

Utvalet si samansetning:

Torun Husdal – leiar

Bodhild Nyhammer Bakke

Kari Daltveit

Utvalet har hatt eitt møte i Førde den 12.06

Me er samde om att det er vanskeleg å nå alle pensjonistar og uføre i vårt vidstrakte fylke. Det er heilt greitt å kunne samarbeide med Fagforbundet i kommunane der me er, men det blir ikkje heilt det same.

Me planlegg ei felles storsamling på Skei i 2026.

Me har delteke på felles samling for Styre og tillitsvalde i Fagforbundet Helse Førde.

Sunnfjord regionen:

Har hatt 2 medlemsmøte felles med Fagforbundet Sunnfjord sitt pensjonist- og uføre utval. Som tema var det: Brannførebygging og Beredskap, viktige tema.

Medlemmane i Florø har fått invitasjon til møte saman med pensjonist og uføre i Fagforbundet Florø.

Kari har delteke på Fagforbundet Vestland sitt pensjonist og uføre utval 7-8 / 11,

Der er det alltid mykje interessant å få med seg der temaet er for oss pensjonistar som det vert fleire og fleire av.

Indre Sogn region:

Har delteke på 4 styremøte.

Har vore med å arrangert medlemsmøte saman med Lærdal kommune, Lærdal og Borgund pensjonist forbund , Fagforbundet Lærdal sitt pensjonist - og uføreutval og LHL. Der hadde me folk frå Førde som snakka om hjelpemiddel til dei med høyreapparat, Frivilligsentralen - kva dei kunne bidra med, kommunelegen om viktigeita med å oppsøke lege og om ulike symptom som kjem med aldring. Psykiatrisk sjukepleiar hadde innlegg om det å kunne snakke om ting dersom ein følte ting var vanskeleg. Det møtte ca. 110 pensjonistar.

Vore med på 3 felles planleggings møter.

Vi har òg vore med og arrangert busstur til Oset fjellhotell 6. oktober, der var med 39 stk. Turen var med Lærdal og Borgund pensjonist forbund , pensjonist- og uføreutval i Fagforbundet Lærdal og Fagforbundet Helse Førde. Me fekk støtte frå Kraftrike til bussen og all mat betalte alle sjølve. Fint haustvær, køyrde over Hemsedalsfjellet og retur over Filefjell. Eg har og delteke på Fagforbundet Vestland sitt vårkonferanse i Bergen i mars.

Nordfjord regionen:

Vart prøvd å få til eit medlemsmøte saman med Stad kommune, men det var få påmeldingar og vart difor avlyst.

Yrkesseksjon helse og sosial

Utvalet si samansetning:

Nancy F Lykkebø, seksjonsleiar

Vara: Bjørg Eli Nese

Seksjonsleiar har delteke på:

- 6 styremøte
- Dobbeltsamling Loen 2 dagar
- Dobbeltsamling Vesterland 2 dagar
- Kurs i konfliktberedskap på Teams
- Seksjonskurs helse og sosial på Teams
- Svart på henvendelser frå medlemmer.

Yrkesseksjon kontor og administrasjon

Utvalet si samansetning:

Dan Robin S Fludal, seksjonsleiar

Lene Mathea Hetle (vara)

Seksjonsleiar har delteke på:

- 4 styremøte
- Dobbelsamling, januar -25
- Dobbelsamling, Kaupanger, august
- Representantskap, Bergen, oktober
- Trinn 4 opplæring, november

Yrkesseksjon samferdsel og teknisk

Utvalet si samansetning:

Sakiba Arnautovic, seksjonsleiar

Rosa Avendano (vara)

Seksjonsleiar har delteke på :

- 2 styremøte
- Dobbeltsamling (styremøte) i Loen den 21-22 januar
- Stand på Høgskulen den 12. august
- Stand i kantina på Førde sjukehus den 2. oktober
- Vidaresendt info eg har fått som passar min seksjon.
- Oppfordrar og prøver å hjelpe til at fleire tar fagbrev på reinhaldsavdelinga.

- Hengt opp plakat for merkedagar
- Markert reinhaldaren sin dag.

Opplæringsansvarleg

Andrè Vindedal

Delteke på samling for opplæringsansvarlege - Fagforbundet Vestland
3 Styremøte

Fagforeininga sine aktivitetar og utfordringar på kort og lang sikt

Heiltid, likeløn og kamp mot auka forskjellar

Krevje at stillingar som hovudregel lysast ut som heile, faste stillingar.

- Dette vert drøfta i stillingsutvalet kvar månad.

Gjennomføre drøftingsmøte minst ein gang pr. år om bruk av deltid og utarbeiding av retningslinjer.

- Dette er utført på føretaksnivå.

Fremje krav etter arbeidsmiljølovens kapittel 14 for alle som har rettmessige krav i samsvar med lovverket.

- Alle tillitsvalde får opplæring og rettleiing i dette.
- Vi har utarbeidd malar til bruk for å fremje krav.
- Har hatt inne krav etter AML om fortrinnsrett til auka stilling
- Har kravd fast stilling etter AML

Førebu tillitsvalde på å gjennomføre lokale forhandlingar, med sikte på å oppnå likelønn og utjamne lønsskilnadar.

- Det var ikkje lokale forhandlingar i 2025.
- Tillitsvalde/FTV har fremja lønskrav for medlemmer utanom lokale forhandlingar i samsvar med «Lønspolitisk plan» i Helse Førde.

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Kartlegge vervepotensial på alle tariffområder, og lage en plan for å bevare og styrke forbundets posisjon på arbeidsplassane.

- Føretakstillitsvald sender kvar månad ut liste til tillitsvalde med namn på alle nytilsette i Helse Førde, slik at lokale tillitsvalde kan ta kontakt enten personleg eller via e-post.
- Fane 2 ansvarleg har ansvar for å kontakte medlemmer som vil melde seg ut, og klarer slik å «snu» nokre.
- Vi har hengt opp plakatar med bilete og kontaktinformasjon med oversikt over kven som er tillitsvald på alle områder.

Lage ein plan for å rekruttere lærlingar.

- Fagforbundet v/FTV er med på “onboarding” av nye helsefagarbeidarlærlingane kvar haust. Der vart det delt ut matboksar og brosjyre, og vi fekk vise ein presentasjon på ca. 15 minutt.

- Alle nye lærlingar i ambulansen vert kontakta av lokal tillitsvald med informasjon om Fagforbundet.
- På dei andre områda som har lærling kontaktar lokal TV desse med informasjon om Fagforbundet

Lage ein plan som systematiserer informasjonsarbeidet og bidrar til at vi vert meir synlege i media, på nett og i sosiale medium.

- Alle yrkesdagane vert markert på FB og med plakatar utanfor kantine, dei fleste gangar også på arbeidsplassane.
- Vi legg ut diverse tilbod om kurs og konferansar på FB

Etablere møtepunkt for å styrke samhandling mellom yrkesseksjonane og tillitsvalde valt etter hovudavtalene.

- Vi har felles samling for styret og tillitsvalde med opplæring to gangar kvart år

Fag-, yrkes- og kompetanseutvikling

Sikre en sterk kopling mellom det yrkesfaglege og forhandlingar opp mot arbeidsgjevar

- Vi har eit utvida forhandlingsutval der yrkesseksjonsleiarane er med

Sørge for at tillitsvalte etter hovudavtalen etterspør yrkesfaglege argumenter frå yrkesseksjonen i arbeidet overfor arbeidsgjevar.

- Vi har eit utvida forhandlingsutval der seksjonsleiarane er med
- Vi har felles opplæring med styret og tillitsvalde 2 gangar kvart år, der kan vi utveksle erfaring og bli kjende slik at det er lettare å ta kontakt ved behov.
- Det varierer med kor erfaren den tillitsvalde er, kor mykje den tillitsvalde brukar aktuell yrkesseksjon.
- Yrkesseksjonen kan bidra med faglege argument i samband med omstillings- og digitaliseringsprosessar

Arbeide for at det vert etablert fleire læreplassar og at fleire tar fagbrev.

- Fagforbundet Helse Førde deler ut stipend til dei som tek fagbrev som privatistar og andre som har utgifter til dette.
- Jobbar aktivt i styret i Helse Førde og opp mot føretaksleiinga med å utvide tal lærlingar innan helsefag, og opprette nye plassar t.d. innan byggdrift.

Sikre at medlemmene får faglege tilbod.

- Vi har gode rutinar på å vidareformidle faglege kurstilbod frå Fagforbundet Vestland og andre tilbydarar.
- Jobbar med å få på plass relevante vidareutdanningar for fagarbeidarar.

Møte medlemmene gjennom valkampaktivitet som arbeidsplassbesøk, medlemsmøte og bruk av sosiale medium.

Arbeidsplassbesøk frå Fagforbundet Vestland og Nasjonalt, der vi besøkte medlemmer og andre i kjellar, sterilsentral, operasjon, ortopedisk sengepost.

FTV har vore med når stortingspolitikarar frå AP, SP, V og Frp har vore på besøk i Helse Førde.

Andre lokale utfordringar

Vi har utfordring med å få tillitsvalde på alle områder i Helse Førde, dette er noko vi må jobbe vidare med i 2026

Representasjon

Oversikt over kva verv fagforeininga har hatt medlemmer i:

Fylkeskretsen

Fylkesstyret / regionsekretær Fagforbundet Vestland

- Sølvi Anne Birkeland

Oversikt over kva verv medlemmer i fagforeininga har hatt i perioden:

Føretakstillitsvald, Randi Aven:

- Styremedlem i Helse Førde, fram til mars 2025
- Medlem i FAMU, og i KAMU Stabsområdet, medisinsk klinikk og Drift og eigedom.
- Deltakar i fleire prosjekt - og arbeidsgrupper i Helse Førde, bl.a. styringsgruppa «Pasientens helseteneste», framtidens klinikknære servicefunksjonar, felles infusjonspoliklinikk (FSS) og sjukefråværsprosjektet
- Medlem i omstillingsutval
- Medlem i Fagforbundet sitt koordineringsledd i Helse Vest
- Styremedlem i Fylkesutvalet i LO stat

Vara Føretakstillitsvald Sivert Rømo:

- Styremedlem i Helse Førde, frå mars 2025
- Medlem i Fagforbundet sitt koordineringsledd i Helse Vest
- Medlem i parkeringsstyret

Klinikkstillitsvald Kirurgisk klinikk, Wenche Mæland:

- Medlem i KAMU kirurgisk klinikk

Klinikkstillitsvald Psykisk Helsevern, Tove Nødset:

Medlem i KAMU Psykisk Helsevern

Kasserar / Fane2 ansvarleg Per Solheim:

- Hovudverneombod for klinikk for Psykisk Helsevern
- Medlem i KAMU Psykisk Helsevern
- Vara i FAMU
- Deltaker i prosjekt for klinikknære sekretærtjeneste i Psykisk Helsevern for barn og unge
- HMS utval i Sunnfjord PHV

Kurs og konferansar

Planlagde kurs og konferansar for tillitsvalde vald etter hovudavtalene

Type kurs:	Tal TV gjennomført	Dato gjennomført
Trinn 1	0	
Trinn 2	0	
Trinn 3	0	
Temakurs i turnus	6	17. november
Kurs for styrerepresentantar, Sjukehuskontoret (Stjørdal)	2	6. – 7. mai
Felles konferanse Fagforbundet - Helse Vest, Flesland	2	14. – 15. mai
FTV/vara - samling Helse Vest, Sola	2	17. – 18. mars 21. oktober, digitalt
Sjukehuskonferansen, Bergen	3	4. – 5. mars
Vardekonferansen	1	5. - 6. november
Forhandlingsteknikk, Sørmarka	2	31.mars - 4.april
Arbeidsrett, LO,Sørmarka	1	Ei samling-desember

Tillitsvalde etter HA har hatt 3 nettverksmøter, alle har vore fysiske møter.

Vi hadde med Arne Spilde frå kompetansesenteret på eitt møte.

Møta blir brukt til erfaringsutveksling og noko opplæring.

Alle tillitsvalde var inviterte med på to dagars samling med styret, eit i januar og eit i august.

Planlagde kurs og konferansar for tillitsvalde valdr etter vedtektene

Type kurs:	Tal TV gjennomført	Dato gjennomført	Registrert i AOF
Trinn 1	1		
Trinn 2	1		
Trinn 3			
Kurs for yrkesseksjonsleiar			

Andre kurs og konferansar

Type kurs	Arrangør	Tal deltakarar	Dato gjennomført

Sluttord

2025 har vore eit år med god aktivitet i Fagforbundet Helse Førde, tillitsvalde har vore med på mange store og små saker.

Det har gjennom året vore godt oppmøte og stort engasjement på alle styremøta, der vi har nytta teams samt hatt fysiske styremøte.

Fagforbundet Helse Førde er godt nøgde med arbeidet som styret, føretakstillitsvald og tillitsvalde har utført gjennom året, der store og krevjande oppgåver er handtert på ein god og tilfredsstillande måte.

Styret i Fagforbundet Helse Førde avd. 747

12.01.2026

Tove Nødset, leiar

Tove Nødset

Sivert Rømo, nestleiar

Sivert Rømo

Per Solheim, kasserar

Per Solheim

Randi Aven styremedl/sekretær

Randi Aven

André Vindedal, opplæringsansvarleg

André Vindedal

Wenche H. Mæland, styremedl

Wenche H. Mæland

Mathias Hatlestad, styremedlem

Mathias Hatlestad

Nancy Lykkebø, YSHS

Nancy Lykkebø

Dan Robin Fludal, YSKA

Dan Robin Fludal

Sakiba Arnautovic, YSTS

Sakiba Arnautovic

Torun Husdal, pensjonist - og uføre

Bodil Nyhammer Bakke (vara)

Andreas Hamre, Ungdoms - TV

Andreas Hamre